



Årsmelding 2016

Gulating lagmannsrett



foto: Hundven-Clements Photography

Gulating lagmannsrett
Postadresse: Postboks 7414, N 5020 Bergen
Besøksadresse: Gulatingsplass 1
Telefon: 55 69 39 00
E-post: gulating@domstol.no
Heimeside: www.domstol.no/gulating

FØRSTELAGMANNEN HAR ORDET	3
SAKSAVVIKLINGA 2016	4
Sivile ankesaker.....	4
Straffesaker.....	5
Saksavvikling 2012-16.....	6
GULATING BLIR DIGITAL	7
JURIDISK UTGREIINGSEINING	9
TRYGGE MEDDOMMARAR ER GODE MEDDOMMARAR.....	11
EIT BETRE TILBOD TIL SKULEKLASSAR	13
STUDIEPERMISJONAR I GULATING	15
Studiepermisjon i USA våren 2016.....	15
Nytenkning rundt behandlingen av straffesaker og sivile saker?	17
Bak lås og slå for å lære	20
NOKRE FAKTA OM GULATING LAGDØME.....	23
ORGANISERINGA AV GULATING LAGMANNSRETT	26
Leiargruppa i Gulating har vore:	26
Dommarar avdeling 1	26
Dommarar avdeling 2.....	26
Konstituerte dommarar:.....	27
Avdelingskonsulentar:.....	27
Juridiske utgreiarar:.....	27
Sekretariat:	28
Saksbehandlarar:	28
Rekneskap/fellestenesta:	28
Rettsbetjentar:.....	28
Ressursgruppedommarar:.....	29
Ikt og sikkerhet:.....	29
Vikarpool:.....	29
Slutta i 2016:	29
Utnemnd /tilsett i 2016:.....	29

FØRSTELAGMANNEN HAR ORDET

Det har skjedd mykje i Gulating lagmannsrett i 2016. Noko av det kan du lesa om i denne årsmeldinga.

I løpet av 2016 har kommunane valt nye meddommarar til domstolane. Dei nye meddommarane skal gjera teneste frå 1. januar 2017 og i fire år framover. Lagmannsretten har i 2016 delteke i eit pilotprosjekt om betre ivaretaking av meddommarar der folkeopplysning har stått sentralt. Føremålet har vore å iverksetja tiltak for å tryggja meddommarane i rolla si. Pilotprosjektet har og hatt som ambisjon å løfta fram at bruken av meddommarar er viktig for domstolane sitt omdømme og tillit. Folkeopplysning om rettssystemet var óg sentralt i eit populært opplegg me dette året har tilbydd rettslæreklassar i vidaregåande skule.

Lagmannsretten har i 2016 avvikla fleire store straffesaker digitalt. I tillegg har me nytta året til å førebu at Gulating frå 7. februar 2017 kjem på Aktørportalen. Frå dette tidspunktet kan advokatar kommunisera med domstolen elektronisk gjennom ein portal på internett. Domstolane har lenge vore i ei digital bakevje, og vona er at Aktørportalen vert eit stort steg framover.

Elles har me i 2016 hatt eit grønt skifte etter at lagmannsretten frå 1. januar 2016 vart slått saman med jordskifteoverretten. Samanslåinga har styrka kompetansen vår innan jordskifterett og eigedomsrett.

I 2015 vart det innført ei ordning med ein månad studiepermisjon for norske dommarar kvart fjerde år. I Gulating har åtte dommarar hatt slik permisjon i 2016.

Sakshandsamingstidene i lagmannsretten er gode bortsett frå i bevisanker i straffesaker. I løpet av året har desse diverre kome over sju månader som er langt unna målet frå sentrale myndigheter om tre månader. I sivile ankesaker er sakshandsamingstida under det sentrale målet om seks månader.

Om dette og meir kan du lesa i denne årsmeldinga.

Å heile tida driva fram utvikling og forbetring tufta på domstolane sine verdiar er avgjerande for at me som domstol skal innfri samfunnsoppdraget vårt – no og i framtida.


Førstelagmann Magni Elsheim

SAKSAVVIKLINGA 2016

Vi kan summera opp utviklinga i 2016 slik: Framhald av den positive trenden for dei sivile ankesakene, og framhald av ein negativ trend når det gjeld straffesakene, då særleg bevisankane. Vi kjem nærare inn på desse tilhøva i det følgjande.

Sivile ankesaker

Vi fekk inn litt færre anker over dom i 2016 samanlikna med åra før, og trong då heller ikkje å avvikla like mange saker som vi gjorde i 2014 og 2015. Likevel reduserte vi behaldninga frå 188 til 160, som er det lågaste talet i 5-årsbolken 2012-16. Behandlingstida gjekk òg ned, frå 179 dagar i 2015 til 169 dagar i 2016. Når vi veit at måltalet for gjennomsnittleg behandlingstid for denne sakstypen er 180 dagar, er det grunn til å seia seg nøgd med stoda her.



Gulating: behaldning 2012-16

Straffesaker

Den største utfordringa Gulating lagmannsrett har når det gjeld saksavvikling, er å redusera saksbehandlingstida for lagrettesaker og bevisankar meddomsrett. Denne ligg no på over 7 månader for lagrettesakene og nærare 8 månader for dei andre bevisankane. Grunnane til den negative utviklinga er mange, ein av dei er at vi også i 2016 hadde store og krevjande saker der sjølve ankeførehavinga strekte seg over mange veker og månader.

Det blir naudsynt å setja inn meir ressursar på saksavviklinga her i 2017. Eit første mål på vegen vil vera å få behandlingstida ned mot 6 månader for lagrettesakene neste år. For å nå dette målet følgjer vi saksavviklinga tett kvar månad, og er og i kontakt med påtalemyndighet og forsvararar om grep som kan medverka til kortare berammingshorisont. Vi følgjer fristsakene særleg tett (saker der tiltalte sitt i varetekt og saker der tiltalte er under 18 år, der fristen er 8 veker frå saken blir henvist til rettsmøtet skal starta).

Ein faktor som kan påverka utviklinga negativt, er bemanningsstoda. Grunna ein vanskeleg økonomisk situasjon for Domstoladministrasjonen og domstolane er det naudsynt å gjennomføra ein styrt nedbemanning i åra som kjem. Det er klårt at viss domstolane ikkje får erstatta dommarar og saksbehandlarar som sluttar eller går over i pensjonistane sine rekkjer, vil det bli særskild utfordrande å nå dei måla ein har sett seg for "rette avgjerder til rett tid". Det er i denne samanhengen verd å merka seg at ingen av dei 6 lagmannsrettane i dag når målet for saksbehandlingstid når det gjeld straffesakene, som er 3 månader. For bevisankane ligg behandlingstida i snitt på mellom 6 og 7 månader.

På litt sikt reknar vi med at digitaliseringa av domstolane i perioden 2017-22 vil effektivisere saksflyten i straffesakskjeda, og at tida frå sakene kjem inn til domstolen og fram til ankeførehaving vil gå ned. Det same vil venteleg skje med lengda på rettsmøta.

Administrasjonssjef Arne Støle

Saksavvikling 2012-16

INNKOMNE SAKER	2012	2013	2014	2015	2016
Anke over dom i sivile sak	391	390	423	417	387
Anke over orskurd/vedtak i sivile	282	291	320	351	313
Overskjønn	21	17	13	21	19
Lagrettesaker	55	55	57	61	73
Meddomsrett	127	94	86	96	94
Fagdommarsaker	59	77	70	41	45
Ankeprøving	574	568	519	559	549
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	706	695	672	603	672
AVGJORTE SAKER	2012	2013	2014	2015	2016
Anke over dom i sivile sak	408	402	429	446	413
Anke over orskurd/vedtak i sivile	277	297	300	375	311
Overskjønn	12	22	18	17	20
Lagrettesaker	64	62	59	53	65
Meddomsrett	131	135	95	91	97
Fagdommarsaker	75	80	81	42	51
Ankeprøving	570	564	520	555	547
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	570	570	670	601	672
BEHALDNING	2012	2013	2014	2015	2016
Anke over dom i sivile sak	241	229	221	188	160
Anke over orskurd/vedtak i sivile	42	34	54	32	35
Lagrettesaker	33	26	24	32	43
Meddomsrett	75	42	33	42	45
Fagdommarsaker	24	25	13	13	10
Ankeprøving	23	21	26	27	27
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	6	11	15	18	21
BEHANDLINGSTID (dagar)	2012	2013	2014	2015	2016
Anke over dom i sivile sak	250	205	204	179	169
Anke over orskurd/vedtak i sivile	51	51	47	51	46
Lagrettesaker	251	200	179	190	221
Meddomsrett	242	216	157	197	194
Fagdommarsaker	136	139	110	111	129
Ankeprøving	26	23	21	19	19
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	5	5	5	7	7

GULATING BLIR DIGITAL

Den digitale utviklinga i domstolane speglar den utviklinga som skjer i samfunnet elles. I 2016 har digitalisering av saksbehandlinga ved domstolen vore sentral. Det har òg i 2016 vore gjennomført fleire større saker der bevisføringa har skjedd digitalt. Dette har i hovudsak vore økonomiske straffesaker, men òg sivile tvistar har vore handsama på dette viset. Dette er ei utvikling som vil bli ytterlegare styrka i 2017. Det har vore eit viktig mål for lagmannsretten å vera best mogleg førebudd på dette.



Hausten 2016 innførte lagmannsretten dessutan digital ankebehandling av saker om varetektsfengsling. Ordninga inneber at politiet ved krav om varetektsfengsling leverer straffesaksdokumenta digitalt til tingretten. Dette gir ein enklare og raskare saksgang enn oversending av papirdokument. Vi laga i samarbeid med Bergen tingrett og Vest politidistrikt rutinar som sikrar god handtering av dei digitale fengslingssakene. Ved anke blir saksdokumenta sendt digitalt til lagmannsretten. Det har etter innføringa vore behandla mange digitale fengslingssaker både i tingretten og som ankesaker i lagmannsretten. Røynslene har vore sær gode, og gir grunn til etter kvart å ta i bruk digital saksbehandling og i andre straffesakstypar.

Domstoladministrasjonen og Advokatforeningen har i samarbeid utvikla eit system for elektronisk utveksling av dokument og saksinformasjon i sivile saker. Løysinga

er gradvis tatt i bruk av fleire advokatar og domstolar, og frå månadsskiftet januar/februar 2017 vil ho òg bli tatt i bruk av Gulating lagmannsrett og fleire av dei store tingrettane i lagdømmet. I Aktørportalen kan domstolar og aktørar i sivile tvistesaker utveksla saksinformasjon og dokument. Salærbehandling for både tviste- og straffesaker inngår òg i løysinga.

Fordelane med Aktørportalen er store: Vi kan senda og ta imot dokument på ein rask, trygg og sikker måte. Den elektroniske dokumentutvekslinga inneber store tids- og kostnadsinnsparingar både for brukarane og domstolen. Systemet gir omgåande tilgang til saksinformasjon, dokument og avgjerder. Portalen gjer ein enkel oversikt over saker, fristar, dokument og bilag. Oppdatering kan skje via ulike plattformer; pc, nettbrett eller mobil.

Aktørportalen er ein omfattande og viktig reform, som på sentrale felt endrar måten både domstolane og advokatane arbeidar og samhandlar på. Det blei difor etablert ei intern prosjektgruppe i Gulating lagmannsrett for innføringa av Aktørportalen, for å være trygg på at domstolen skal vera så godt førebudd som mogleg ved innføringa 8. februar 2017.

Lagmann Martin Tenold

JURIDISK UTGREIINGSEINING

Gulating lagmannsrett har sidan august 2015 hatt ei eiga utgreiingseining. Eininga vart etablert etter at lagmannsretten hadde hatt to utgreiarar sidan 2011, først i ei toårig prøvestilling og deretter i fast stilling. Frå august 2015 har det vore tilsett fire utgreiarar i eininga, i tillegg til ein utgreiarleiar.

Arbeidet i utgreiareininga er i all hovudsak knytt opp mot arbeidet i lagmannsretten sitt ankeutval og målsetjinga er at utgreiarane skal bidra til å forbetra og effektivisera arbeidsmåten i lagmannsretten. I ankeutvalet sit det til ei kvar tid fem lagdommarar. Ankeutvalet arbeider med alle saker som vert handsama skriftleg i lagmannsretten, både sivile saker og straffesaker.

Hovudarbeidsoppgåva til utgreiarane er å handsama anker over orskurd og vedtak i sivile saker, med det føremål å utarbeida utkast til endeleg avgjerd. Frå hausten 2016 vart ordninga utvida slik at utgreiarane også skriv utkast ved nekting av å fremja av anke over sivil dom, jf. tvistelova § 29-13 og § 36-10 tredje ledd, og i nokre tilhøve utkast til dom i saker som vert handsama skriftleg etter straffeprosesslova § 322. I tillegg er det utgreiarane si oppgåve å rettleia sjølvprosederande partar, og å hjelpa til ved utarbeiding av anke til Høgsterett.

Utgreiarane i lagmannsretten har brei erfaringsbakgrunn, mellom anna frå politiet, advokatverksemd, Konkurransetilsynet og Kofa, som utgreiar i Høgsterett, domarfullmektig, vitenskapleg assistent, og frå departement.

Utgreiarleiar Marie Trovåg



Utgreiareininga í Gulating lagmannsrett

Trygge meddommarar er gode meddommarar

I løpet av 2016 har kommunane valt nye meddommarar til domstolane. Dei nye meddommarane skal gjera teneste frå 1. januar 2017 og i fire år framover.

Dette er bakgrunnen for at Gulating lagmannsrett i 2016 har delteke i eit pilotprosjekt for betre ivaretaking av meddommarar saman med Bergen tingrett, Nordhordland tingrett og Domstoladministrasjonen.

Pilotprosjektet har satt i verk mange tiltak. Eit av dei mest synlege er at det er laga ein ny animert informasjonsfilm for meddommarar med tittelen: "Kva vil det seia å vera meddommar?". Manus og storyboard til filmen er utarbeida av dommarar og sakshandsamarar frå alle tre domstolane saman med to meddommarar og Sheriff Film Company som produserte filmen. Då filmen var ferdig fekk den nasjonal merksemd både på radio og TV. I regi av prosjektet er det òg utvikla nye nettsider for meddommarar. Her kan meddommarar finna både filmen og mykje anna nyttig informasjon. Filmene er dessutan tilgjengeleg på [youtube](#).

Pilotprosjektet har òg utarbeida ein skriftleg vegleiar for meddommarar og i slutten av januar skal pilotdomstolane saman arrangera samlingar for meddommarar og informera om kva som ventar dei når dei gjer teneste i domstolane. I Gulating har me allereie arrangert tilsvarende samlingar i Førde og i Sogndal saman med Sogn tingrett og Fjordane tingrett. Me fekk svært gode tilbakemeldingar på samlingane. Målet er at tiltaka og den ekstra innsatsen vil bidra til å gjera meddommarane tryggare i rolla si. Dette ut frå ein tanke om at trygge meddommarar er gode meddommarar.

Pilotprosjektet har hatt som ambisjon å løfta fram at bruken av meddommarar er ein viktig føresetnad for at domstolane skal klara å oppretthalda den høge tilliten som dei har i dag. Gjennom meddommarane får folk flest innsyn i domstolane si verksemd frå innsida og høve til å påverka domstolen sine avgjerder. Det bidreg til å sikra opne og transparente domstolar og utgjer ein viktig demokratisk kontroll av domstolane si verksemd.



Meddommarsamling i Førde

Det er ei alvorleg oppgåve å vera meddommar. Både meddommarar og fagdommarar må ta vanskelege avgjerder som nokre gonger kan opplevast tyngjande. Som meddommar må ein òg vera førebudd på å få kritikk for avgjerdene ein har vore med på. Verken filmen eller dei tiltaka pilotprosjektet elles har sett i verk tek sikte på å pynta på dette Alvoret eller gje noko glansbilete. Me underslår heller ikkje at det vert stilt krav til meddommarane, og at det gjeld forventningar som alle må forhalda seg til, både fagdommarar og meddommarar. Samstundes har pilotprosjektet hatt eit ønske om å løfta fram bruken av meddommarar, som noko grunnleggjande viktig og positivt.

Førstelagmann Magni Elsheim

EIT BETRE TILBOD TIL SKULEKLASSAR

Gulating har i 2016 gjort fleire grep for å gje skuleklassar eit betre tilbod. Klassar som ynskjer å følgja ei rettssak i lagmannsretten, vil no lett kunne finna fram til aktuelle og eigna saker på heimesidene til Gulating, og det er etablert eit system for korleis klassane skal melda interesse og korleis lagmannsretten skal bidra til at læringsutbytte vert auka. Klassane som kjem på besøk skal få naudsynt informasjon og rettleiing i forkant av saka og i løpet av besøket skal klassen få treffa ein av domarane og få orientering samt høve til å stilla spørsmål. Etter dom er sagt vil klassen få tilsendt kopi av domen.

Eit anna nytt tilbod til skuleklassar i 2016, var gjennomføringa av minirettssaker 17. og 18. november i Gulating sin største rettssal. Blant mange interesserte skular, vart 10 klassar med tilsaman 250 elevar i faget rettslæra på vidaregåande skular i Hordaland, valde ut til å delta. Alle klassane fekk tilsendt det same materialet til førebuing. Materialet tok utgangspunkt i ei sak som gjekk i Gulating i 2014. Saka galdt russ – tre unge menn – som var tiltalt for å ha "leikekidnappa" ungdomsskuleelevar – to jenter – på 14 og 15 år. Ungdomsskuleelevane vart køyrde vekk i ein russebil, teipa på hender og føter, teke ut av russebilen og deretter dynka med egg og mjøl, før dei vart forletne. Forholda var erkjent av dei tiltalte. Det var heller ikkje omstridd at dei to jentene ikkje direkte hadde motsett seg handlingane. Eit av dei sentrale spørsmål i saka var såleis om det førelåg straffriande samtykke frå jentene, eventuelt om dei tre unge mennene oppfatta at det førelåg slikt samtykke.

Skuleklassane fekk 45 minutt kvar til gjennomføring av minirettssaka. Kvar klasse stilte med aktor, forsvarar og fire meddomarar, og ein lagdomar leia forhandlingane. Det vart gjeve sluttinnlegg, replikk/duplikk, og deretter trekte meddomarane og lagdomaren seg tilbake for ein kort domskonferanse før dei returnerte og lagdomaren gjorde kort greie for domsresultatet. Deretter avslutta lagdomaren med å gjera greie for resultatet i den verkelege saka.



Minirettsak i Gulating lagmannsrett

Nivået på prestasjonane til elevane var til tider imponerende, og jamt over hadde dei fått eit godt tak på både saka og rollene. Interessant nok varierte domsresultatet veldig frå klasse til klasse, og det var mykje dissensar. Saka reiste mange aktuelle problemstillingar, ikkje minst for ungdom, noko òg skuleklassane gav uttrykk for i den evalueringa som vart gjennomført i etterkant. Dei positive tilbakemeldingane på tiltaket tilseier at minirettssaker kan bli eit årvisst tilbod til skuleklassar i lagdømet.

Lagdomar Per J. Jordal

STUDIEPERMISJONAR I GULATING

I 2016 har åtte lagdommarar hatt studiepermisjon i ein måned. I dei følgjande 3 artiklane kan du lesa meir om kva nokre av dei brukte tida til og kva tankar dei har gjort seg etter permisjonane. Erfaringane med studiepermisjonar er gode og utgjør ein viktig del av kompetansearbeidet i lagmannsretten.

Studiepermisjon i USA våren 2016

Vårt tema for studiepermisjonen var prosessene rundt saksforberedelse og irtetteføring av saker som involverer barn/ungdom, det være seg i barnevern- og barnefordelingssaker, eller som fornærmet/vitne eller tiltalt i straffesaker.

Vi var to uker i Minneapolis/Saint Paul, en uke i Washington DC og en uke i New York City. Opplegget startet ved Mitchell/Hamline School of Law i Saint Paul, hvor vi hadde knyttet kontakter før vi dro fra Norge. Under oppholdet besøkte vi




diverse domstoler, et barnevernsenter samt stats- og kommuneadvokatkontorer som arbeidet med saker i denne kategorien. Alle steder ble vi tatt vel i mot av dommere og domstolledere samt lederne i de øvrige institusjonene vi besøkte. Alt var avtalt i forkant, unntatt i New York, uten at det gjorde noen forskjell på imøtekommenheten og utbyttet. Vi fikk overvære en rekke ulike

rettssaker og hadde samtaler med dommere, advokater og andre sentrale aktører, som ga oss et godt innblikk i og orientering om prosessene og hva som skjer i de ulike sakene som involverer barn.

Kort oppsummert så ble vi i utgangspunktet noe overrasket over hvor sterkt fokus de hadde på å beholde barna i familien, eventuelt hos nære slektninger, i barnevernssakene. Dette var det samme i alle tre statene vi besøkte. Reglene og prosessene oppfattet vi i stor grad å være sammenfallende. Fokuset var å bistå foreldrene/familien med tiltak slik at barna kunne tilbakeføres og vokse opp med sine foreldre, eller hos nære slektninger slik at de også kunne ha kontakt med foreldrene. Det ble ansett som svært skadelig og ekstra traumatiserende for barna å bli tatt helt bort fra familie og nærmiljøet i disse sakene. Etter hvert som vi fikk

innblikk i reglene og systemet de hadde bygget opp for å håndtere både barnevernssaker og barnekriminelle, er det vårt inntrykk at dette har mye for seg. Det største problemet var nok mangelen på ressurser til å gjennomføre og følge opp barna og familiene i det daglige i tråd med det som ble fastsatt av retten. I Washington hadde de klart mer ressurser i systemet, og der kunne de vise til svært positive tall særlig hva gjaldt tilbakefall for barnekriminelle. Mange av sakene som



gjaldt barnekriminelle, var forhold som vi finner hos barnevernsbarn i Norge og som her blir betraktet som disiplinærproblem. Det kan hende at de vi anser for problembarn og barn med tilpasningsvansker hos oss, hadde klart seg bedre dersom de hadde måttet stå til rette for en dommer og fått slik oppfølging som det legges opp til i det amerikanske systemet. Vi fikk etter hvert noen tanker om at det

amerikanske barnevernssystemet og behandlingen av det de kalte barne- og ungdomskriminelle hadde mye for seg. På mange måter syntes å gi et bedre resultat for barnets ve og vel i vid forstand, enn vårt system med å plassere barn i fremmede fosterhjem o.l. med fullstendig brudd med sin familie og nærmiljø.

En annen suksessfaktor som etter hvert ble veldig tydelig for oss, var spesialiseringen. Det å ha egne domstoler og dommere som var spesielt opplærte og interesserte i den type saker de jobbet med, er klart av det gode. Dommerne vi snakket med var veldig engasjerte og de hadde god innsikt i regelverket og de muligheter som fantes for behandling, tiltak eller oppfølging innenfor sakskomplekset. Dette gjaldt for øvrig også alle andre involverte aktører, som aktorer, kommuneadvokater, advokater for foreldre og barn, helse- og sosialarbeidere mv, som alle var spesialiserte på det de drev med.

Oppholdet ble nok mer preget av barnevernssaker og saker om ungdomskriminelle enn vi hadde sett for oss, uten at det gjorde noe. Vi synes begge vi fikk et godt innblikk i det amerikanske systemet, som på ingen måte er ensartet, men har en del likhetstrekk i hovedlinjene som skiller seg fra vårt system. Det var et vellykket opphold også ut fra et faglig ståsted.

Grethe Strandborg og Berit Moldskred Mo

Nytenkning rundt behandlingen av straffesaker og sivile saker?

Inntrykk fra en studiepermisjonsreise til Svea Hovrätt høsten 2016.

Domstolenes behandling av enkeltsaker har som sentralt formål å skulle avsi en innholdsmessig riktig avgjørelse. Dette er grunnleggende, og gjelder uavkortet i straffesaker, i saker hvor partene ikke har fri rådighet, men kommer også tydelig til uttrykk for ordinære tvistesaker, jf. tvisteloven § 21-4 (1), som gjelder partenes



sannhets- og opplysningsplikt. Det er ikke gitt at dette målet nås gjennom en tilnærmet ubegrenset ressursbruk, langdryg saksbehandlingstid, et hovedfokus på prosessuelle detaljspørsmål uten betydning for realiteten og en tilnærming til saken gående ut på at flest

mulige steiner skal snus. Tvert i mot. For alle rettsinstanser, må siktemålet være at saksbehandlingen skal tilpasses sakens omfang. Utgangspunktet må være at det i saken ikke investeres mer ressurser enn det saken tåler å bære. For lagmannsretten må utviklingen ta det spor at ankeforhandlingen bærer preg av overprøving og kontroll av førsteinstansens avgjørelse. Ikke en omkamp. En større vektlegging og konsentrasjon rundt sakens sentrale tvistetema, speiles av en tilsvarende bedret mulighet for at lagmannsretten kan fungere som en reell kontrollør av tingrettens avgjørelser.

Juryordningen er foreslått avvirket. Det er et uavklart spørsmål hvilken sammensetning lagmannsretten skal ha i fremtiden. Ulike forslag har versert. Ett forslag er å erstatte lagretteordningen med meddomsrett bestående av to fagdommere og fem lekdommere. Samtidig er det alminnelig enighet om at ankeinstansen bør være sterkere sammensatt enn underinstansen, jf. også NOU 2016:24, side 232 punkt 11.2. Juryutvalget, jf. NOU 2011:13, la til grunn at

"[L]ekdommere skal ha betydelig innflytelse i strafferettspleien, og [...] være i flertall ved avgjørelsen av skyldspørsmålet. At lekdommere deltar i tillegg til fagdommere, må anses å styrke kvaliteten på saksbehandlingen. Den gjør prosessordningen mer robust og rettssikker at en domfellelse må ha tilslutning fra lekdommere."

Det er ikke vanskelig i å være enig i disse betraktningene. I hovedtrekk. Skal en lykkes med å gjøre lagmannsrettene til en reell overprøvings- og kontrollinstans for avgjørelser avsagt av tingrettene, er det imidlertid et viktig spørsmål i hvilken instans det tyngste lekdommerinnslaget bør plasseres.

Domstolhierarkiet i de nordiske land er forholdsvis likt bygget opp. I Sverige gjennomførte en fra 2008 obligatorisk opptak av rettsforhandlingene i tingsrättene. Reformen, som er kalt " En modernare rättegång" (EMR), var begrunnet i behovet for å modernisere den svenske rettergangsordning, i begge prosessformer. Det var et bærende hensyn i nyordningen, at saksbehandlingen i førsteinstansen skulle gjøres så kompetent og kvalifisert at partene i de fleste tilfellene ville nøye seg med en prøving av saken i èn instans. Et annet viktig formål med reformen, var at hovrättenes rolle som ankeinstans skulle tydeliggjøres. Det ble investert store beløp i nytt utstyr for lyd- og bildeopptak i tingsrättene. I de fleste sivile saker kreves i dag såkalt "prövningstillstånd," det vil si at hovrätten må samtykke til ankebehandling. I straffesaker siles, med få unntak, ingen saker. Ankeforhandlingen i hovrätten skjer i dag ved avspilling av opptakene fra tingsrätten, men med mulighet for tilleggsbevisførsel. Det er sjelden at tiltalte, fornærmede og vitner gir noen supplerende forklaringer. Tyngdepunktet i prosessordningen, er derfor på mange viktige punkter flyttet til tingsrättene. I tingsrättene er det et flertall av lekdommere (en fagdommer og tre lekdommere). I hovrättene er lekdommerinnslaget i mindretall (tre fagdommere og to lekdommere).



Högsta domstolen



Mitt inntrykk fra studieoppholdet i Svea Hovrätt er at svensk rettspleie er kommet et godt stykke på vei i å gjøre ankeinstansen til reell ankeinstans. En har for eksempel kommet langt i å gjøre domstolene fulldigitaliserte, og ordningen med obligatorisk opptak av lyd- og bilde fra førsteinstansen, er gjennomgående velfungerende og respektert av aktørene. En tilsvarende utvikling i Norge, bør være ønsket, og søkes forsert. Det vil ellers være vel forenlig med et ønske om å gjøre lagmannsrettene til en reell ankeinstans, om lovgiver, i forbindelse med ny straffeprosesslov, overveier å la fagdommerne utgjøre flertallet i den dømmende rett, i samsvar med den svenske rettergangsordningen.

Lagdommer Carl Petter Martinsen

Bak lås og slå for å lære

I 2016 var det, etter åtte år som lagdomar, min tur til å få ein måned studiepermisjon. Ein måned er likevel ikkje særleg lang tid til å setje seg inn i noko nytt. For min del vart løysinga å bruke mesteparten av permisjonen på kriminalomsorga. Fyrst ei veke i Oslo for å lære meir om gjennomføring av forvaring, og deretter å hospitere som fengselsbetjent i Bergen fengsel og ved ungdomseininga i Bjørgvin fengsel. Målet var å lære meir om korleis straffgjennomføringa fungerer, og med det få større forståing for heilskapen i straffesakkjeda.



Forvaringsdelen blei gjennomført ved to dagars besøk i Ila fengsel, ein dag i Bredtvedt fengsel, ein dag ved Friomsorga sitt kontor i Oslo. Og til slutt ein halv dag ved Kriminalomsorga sitt regionkontor i Oslo. Dei fleste mannlege forvaringsdømte i Norge, sonar ved Ila fengsel (67 plassar). Dei andre sonar i Trondheim fengsel, og nokre få rundt omkring i andre fengsel på slutten av soningstida. Ved Ila er det særskilt tilrettelagt ved at alle forvaringsdømte dei første ca 12 vekene sonar på ein avdeling der målet er å kartleggje deira problematikk og kva som må til for å få ei endring, før dei vert overført til ein av dei ordinære

forvaringsavdelingane på Ila. Tilbodet på Ila når det gjeld helseoppfølging, programverksemd og skule/arbeid, er svært bra. Eg hadde samtaler med dei ulike fagmiljøa, fire forvaringsdømte og blei vist rundt. Sjølv om mykje fungerte bra, er den bygningsmessige standarden på Ila, lite tilfredstillande. På dei fleste avdelingane er det ikkje toalett, og dette fører til at om nokon av dei innsette må på toalett i løpet av natta, må det være tre betjentar med, og ventetida er gjerne 1-2 timar. Ila har heller ingen avdeling med lågare tryggleik, noko som fører til at før prøvelauslating kan skje, bør innsette overførast til andre fengsel der det er mogeleg med frigang. Dette tar ofte tid, og det er ikkje mange nok slike plasser. Dette fører av og til at progresjonen blir dårlegare, enn den bør vera, og er frustrerande for både fengselstilsette og for dei forvaringsdømde. I ein del høve har tingretten reagert ved å lauslate på prøve direkte frå Ila, i strid med fengselet sine råd. Dette har som regel gått dårleg, og har på ingen måte vore rettvist for den innsette som ikkje har vore godt nok budd på eit liv utanfor murane.

Eit anna problemområde er at sakshandsaminga ved permisjonssøknader både av dømde og fengselstilsette, vert opplevd som unødig byråkratisk. Alle slike søknader må handamast av regionen, etter ei omfattande utgreiing fyrst ved fengselet, og deretter i regionen. Når permisjon er innvilga, er det gjerne mange krenkte som skal varslast. Det er også diskutert kor forsiktige ein skal være i høve til å unngå brot på vilkår. Det er skilnad på risiko for ny alvorleg kriminalitet, og brot i form av å kome for seint tilbake til fengselet eller drikke alkohol. Vidare er dei heilt korte forvaringsstraffene, vanskeleg å følgje opp. Ein dømd kan knapt ha kome i gang med ei kartlegging og endringsarbeid, før det er tid for prøvelauslating og/eller vurdering av forlenging av lengstetid.

Ved Friomsorga hadde eg ein lengre samtale med ein som vart dømd til forvaring for drap tidlig på 2000-tallet. Han hadde no vore lauslatt på prøve i nær 5 år, og var nesten ferdig med heile dommen. Med han hadde det gått veldig bra. Han hadde teke høgare utdanning under soning, vorte gift, og arbeidde no i forskarstilling. Dette var på mange vis ei solskinshistorie, der målet om tilbakeføring og endring var oppnådd. Å være lauslaten på prøve frå forvaring, er som regel ganske inngripande. Det er vanleg med vilkår om opphald i eigen bustad om natta, oppmøte hos friomsorga, sysselsetjing, kontaktforbod, behandling og rusforebyggjing. Dersom den prøvelauslatte skal forlate politidistriktet, om det så berre er hyttetur eller besøk hos familie, må det meldast og dei aktuelle politidistrikt bli varsla.

Permisjonen vart avslutta med åtte dagars **hospitering som fengselsbetjent** i Bergen fengsel, og ungdomseininga ved Bjørgvin fengsel. Eg var då på ulike avdelingar i Bergen fengsel, både tidlegvakter og seinvakter, og fekk såleis eit godt innblikk i skilnadane mellom dei ulike avdelingane og dei ulike rutinane. A-Vest er den mest lukka delen av fengselet, der dei innsette sitt isolert store delar av tida. Her hamnar som oftast varetektsinnsette som har pålegg om besøksrestriksjonar eller isolasjon. Kontrasten var stor til fellesskapsavdelinga C, der dei innsette berre er innelåst på cellene om natta, og elles er saman med andre innsette i mindre bueiningar, eller i heile avdelinga. I slike bueiningar lagar dei innsette maten sjølv, og er på dagtid stort sett aktivisert med skule eller arbeid i fengselet.

I Ungdomseininga i Bjørgvin fengsel er det fire plassar for innsette under 18 år. Dette er ein av to slike fengsel i Noreg. Betjentane går i sivil, og et alle måltid saman med ungdommane. Ungdommane er innelåst på sine rom om natta, men er elles i fellesskap. Et stort apparat med psykologar og andre fagfolk, er rundt ungdommane til ein kvar tid. Dette er vel anvendte ressursar. Om så unge personar, skulle ha blitt plassert i eit vanleg fengsel, er faren stor at vedkomande anten går til grunne eller må utvikle seg i negativ retning for å hevde seg.

Ei stor takk til velvilje og tilrettelegging frå Kriminalomsorga.

Lagdommar Jarle Golten Smørdal

NOKRE FAKTA OM GULATING LAGDØME

Gulating lagmannsrett er ein av seks lagmannsrettar i Norge. Forutan lokalet vårt i Bergen, har vi kontor og rettslokale i Stavanger, Haugesund, Førde og Nordfjordeid.

I embetskrinsen var det per 01.01.2016 til saman 1 096 202 innbyggjarar, som fordelte seg slik på dei tre fylka:

Rogaland	470 175
Hordaland	516 497
Sogn og Fjordane	109 530

I dei tre fylka er det til saman 86 kommunar, og i Gulating lagdøme var det fram til 31.12.16 ti førsteinstansdomstolar:

- Bergen tingrett
- Stavanger tingrett
- Dalane tingrett
- Jæren tingrett
- Hardanger tingrett
- Haugaland tingrett
- Sunnhordland tingrett
- Nordhordland tingrett
- Sogn tingrett
- Fjordane tingrett

Frå 01.01.17 vart Bergen tingrett og Nordhordland tingrett slått saman til ein domstol.

Lagmannsretten er ankeinstans for følgjande jordskifterettar:

- Sør-Rogaland jordskifterett
- Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett
- Lista Jordskifterett
- Nord- og Midhordland jordskifterett
- Indre Hordaland jordskifterett
- Indre Sogn jordskifterett
- Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett
- Nordfjord jordskifterett

Tingrettane i lagdømet



Kartet syner tingrettane i lagdømet slik stoda er frå 01.01. 17 etter at Bergen tingrett og Nordhordland tingrett vart slått saman til ein domstol.

Jordskifterettane i lagdømet



ORGANISERINGA AV GULATING LAGMANNSRETT

Lagmannsretten vert leia av førstelagmannen, som saman med avdelingslagmennene og administrasjonssjefen har ansvar for den daglege drifta. Dommarane er organiserte i to avdelingar, leia av kvar sin avdelingslagmann. Til kvar avdeling er det knytt ein avdelingskonsulent. I tillegg har lagmannsretten ei juridisk utgreiingseining, under leiing av ein utgreiarleiar. Saksbehandlarane er organisert i eit sekretariat, under leiing av ein sekretariatsleiar. I tillegg har lagmannsretten ymse stabs- og støttefunksjonar. Frå 1. januar 2016 gjekk jordskifteoverrettane inn i lagmannsrettane.

Leiargruppa i Gulating har vore:

- Førstelagmann Magni Elsheim
- Avd.lagmann Marin Tenold
- Avd.lagmann Arne Henriksen/frå aug konstituert avd.lagmann Jan Erik Erstad
- Administrasjonssjef Arne Støle

Dommarar avdeling 1

Martin Tenold
Hanne Sofie Greve
Jan Erik Erstad
Stig Sjong
Rannveig Sjøvoll
Carl Petter Martinsen
Rolf Strøm
Haakon Meyer
Berit Moldskred Mo
Bjørn Lillebergen
Ole-Arne Linga
Jarle Golten Smørdal
Per J. Jordal
Torstein Frantzen
Grethe Strandborg
Gro Berge

Dommarar avdeling 2

Arne Henriksen
Rune Voll
Ørnulf Jacobsen
Daniel Lunde
Håvard Romarheim
Arne Fanebust
Jon Atle Njøsén
Guri Elisabeth Molven
Wiggo Storhaug Larssen
Margreth Christophersen
Nina Cath. Noss
Birger Stedal
Vigdis Bygstad
Knut Harald Braathen
Kai Ove Roseth
Vidar Bergtun (jordskiftelagdommer)

Konstituerte dommarar:

- Arild Oma
- Marie Trovåg
- Arnt Skjefstad

Avdelingskonsulentar:

Avdeling 1: Gunvor Knudsen

Avdeling 2: Inger Røyrbøtn Låstad

Juridiske utgreiarar:

- Marie Trovåg (leiar)
- Kathrine Engelskjerd Eikestad
- Marianne Brynjulfsen Overaa
- Linn Tordal Halvorsen
- Therese Kongsvik
- Ingeborg Tveit (vikar)
- Knut Alexander Johnsen (vikar)
- Catrine Hoddevik (jordskifteutgreiar)
- Ingrid Melheim (jordskifteutgreiar)



Sekretariat:

Henriette Hinna (leiar)

Saksbehandlarar:

Arnhild Bø
Lena Osberg Fauskanger
Veronica Iversen
Wenche Lund
Tonje Olsnes
Wibecke Søråas Onarheim
Line Liebrecht Steffensen
Eva Innbjør

Eva Ingunn Fauskanger
Helga Herfindal
Henriette Bergli Lillestøl
Linda Mjaatvedt Moen
Alice Hatlelid Opdahl
Hjørdis Skogen
Hildur Engeland Staalesen
Katharina Kongevold (vikar)

Rekneskap/fellestenesta:

Sara Camilla Deisz
Jostein Hordvik
Janicke K. Vognstølen

Wenche Haarvig Endregaard
Cornelia Helén Ohr

Rettsbetjentar:

Reidar Borlaug
Terje Fossedal
Terje Olav Høiland
Edvard Natvig

Karl Fagerlund
Thor-Magne Haugen
Ove Johannessen
Bjørn Norbeck

I tillegg til faste og konstituerte dommarar nyttar lagmannsretten ekstraordinære dommarar. I 2016 har desse **ekstraordinære dommarane** gjort teneste:

Astrid Lærdal Frøseth
Arne Landmark
Elisabeth Løseth
Ivar Oftedahl
Øyvind Smukkestad
Walter Wangberg
Daniel Lunde

Jon Høyland
Helge Lillebø
Ove Midttun
Ellen Midtgaard
Bjørn Solbakken
Ørnulf Jacobsen

Ressursgruppedommarar:

Per Magne Isaksen
Jørn Ree
Christian Wyller

Hans Hugo Kristoffersen
Gunnar Steintveit

Ikt og sikkerhet:

Lagmannsretten deler Ikt og sikkerheitsteneste med Bergen tingrett. Avdelinga har sju tilsette.

Sikkerhetssjef er Espen Ask Husby.

Vikarpool:

Lagmannsretten har ein vikarpool av jusstudentar frå Universitetet i Bergen. Studentane blir kalla inn ved sjukdom og lengre ferie hjå saksbehandlarane:

- Elisa Eichstetter
- Ingrid Løken Kallelid

Slutta i 2016:

Avdelingslagmann Arne Henriksen
Lagdommar Ørnulf Jacobsen
Lagdommar Daniel Lunde
Juridisk utgreiar Ingeborg Tveit
Jordskifteutgreiar Catrine Hoddevik

Utnemnd /tilsett i 2016:

Lagdommar Beate Blom
Lagdommar Roar Klausen
Jordskiftelagdommar Vidar Bergtun
Jordskifteutgreiar Ingrid Melheim
Saksbehandlar Eva Innbjør



Pensjonert lagdommar Daniel Lunde



Førstelagmann Magni Elsheim og pensjonert lagdommar Ørnulf Jacobsen



Gulating lagmannsrett

Postadresse: Postboks 7414, N 5020 Bergen

Besøksadresse: Gulatingsplass 1

Telefon: 55 69 39 00

E-post: gulating@domstol.no

Heimeside: www.domstol.no/gulating